



Bergen, 12. juni 2020

TV-AKSJONEN NRK WWF 2020 – Oppmoding til bidrag

Fyrst og fremst ønskjer eg å takka Sogn og Fjordane og Hordaland for støtta til TV-aksjonen NRK i fjar og tidlegare år. Samarbeidet med begge fylkeskommunane har lange tradisjonar, og er avgjerande for mobiliseringa av bøsseberarar på aksjonsdagen. Over 96 prosent av kommunane og fylka i Noreg støtta TV-aksjonen i fjar. Eg håper at Vestland vil òg i år gje eit pengebidrag til TV-aksjonen. Vi i TV-aksjonen ser fram til å jobbe med et stort og samla TV-aksjonsfylke.

TV-aksjonen NRK 2020 går til arbeid WWF gjer for å kjempa mot plast i havet. Aksjonsdagen er 18. oktober. Kvart år setter vi saman en fylkesaksjonskomite' som har til formål å skape synlegheit, blest og engasjement rundt årets aksjon. Årets komité ledas av Jon Askeland og Natalia Golis.

Kvart år hamnar åtte millionar tonn plast i havet. Plasten trugar ikkje berre dyrelivet, men òg oss. Med konkrete tiltak, skal årets TV-aksjon ta plastproblemet ved rota. Me skal redusera plastutsleppa og ta vare på verdshava. Med midlar frå TV-aksjonen startar me der problemet er størst: Ein tredel av plasten i havet kjem frå Søraust-Asia. Difor er TV-aksjonsmidlane øyremerka tiltak i Indonesia, Vietnam, Filippinene og Thailand. Målet i år er å etablera og forbetra eksisterande avfallssystem for meir enn 900 000 menneske.

Slik bidreg de enkelt:

For å synleggjera det breie engasjementet frå alle kommunane i landet, blir alle bidraga registrert på giverstafett.no frå 1. august. Når bidraget er registrert blir faktura sendt med ein gong på e-post. Det går òg an å lasta ned faktura som PDF etter at bidraget er registrert. Om du ikkje får faktura på e-post med ein gong, ber me om at de tek kontakt med fylkesaksjonsleiar som kan hjelpe dykk.

Registrerte og innbetalte beløp blir ein del av statistikken for dykker fylke på aksjonsdagen.

Ta kontakt med fylkesaksjonsleiar om du har nokre spørsmål.

Kontaktinformasjon fylkesaksjonsleiar: 94111101 telefon eller vestland@tvaksjonen.no

Med venleg helsing

Marthe Jansen, Fylkesaksjonsleiar TV-aksjonen Vestland



TV-aksjonen NRK WWF

Blimed.no | Innsamlingskonto: 8380.08.09005 | Org.nr. 952 330 071